

# HISTORIKK TILBOD SMÅVILTJAKT OG DIVERSE REGULERINGAR I LANGMORKJE STATSALLMENNING

## Innanbygds med fuglehund

I «alle» år fritt kortsal, jakttid 15. sept. – 23. des. (til 23. des. frå 1974, før det ut februar)

## Utanbygds med fuglehund

Fram til 1963: Ingen avgrensing i antal kort.  
1963 og 1964: 50 kort.  
1965 og 1966: 150 kort, 15. sept. – ut febr.  
1967 – 1973: 100 kort. 15. sept. – ut febr.  
1974 – 1976: 80 kort. 15. sept. – 23. des.  
1977 – 2003: 40 kort fyrste veka, dvs. 15. – 21. sept. Tre jaktfelt.  
Frå 1987 til 1996: Fritt kortsal 11. okt. – 23. des.  
2004 – i dag: 35 kort 15.-19. sept, 35 kort 20.-24. sept. Tre jaktfelt.  
2018, 2019, 2020: I tillegg til dei 70 korta i regulert periode, eit visst antal dagskort i oktober fordelt på tre felt.

## Innanbygds med harehund

Fram til 1998: Fritt kortsal 1. okt. – 23. des.  
1999 – 2014: Fritt kortsal 1. okt. – ut febr.  
2015 – i dag: Fritt kortsal 15. sept. – 24. sept, 1. okt. – ut febr.

## Utanbygds med harehund

I mange år til i dag: 25 kort 11.-17. okt. Fritt kortsal 18. okt. – 23. des.

## Innanbygds utan hund

I «alle» år fritt kortsal, jakttid 15. sept. – ut febr.

## Utanbygds utan hund

I «alle» år – 2020: Fritt kortsal, jakttid 15. sept. – ut febr.  
2021 – i dag: 125 kort 15.-19. sept, 125 kort 20.-24. sept, 125 kort 25.-29. sept, fritt kortsal 30. sept. – ut febr.

## Diverse reguleringar

Dagskvote på rypejakt vart innført i 2012.

	<b>Kvote</b>
2012	2
2013	3
2014	3
2015	2
2016	2
2017	2
2018	3
2019	2
2020	2
2021	1
2022	1

I 2021 og i 2022 vart både lirype og fjellrype freda frå 30. sept. og ut sesongen.

## **Kommentarar ang. rypebestandane frå 1997 i Langmorkje statsallmenning, og inntrykk av smånagerbestand**

Det meste av opplysningane henta frå årsmeldingane til fjellstyret, samt fjelloppsynet sine notater

### 1997

God produksjon fjellrype, det er fleire år sidan det er sett såpass med fjellrype. Også oppgang lirype, enkelte plassar bra med kull. Registrert noko spor etter smånagere på førjulsvinteren.

### 1998

God produksjon fjellrype. Oppgang lirype og store kull enkelte plassar. Bra med smånagere.

### 1999

Middels produksjon fjellrype. Liten nedgang lirype, men store fine kull enkelte plassar. Lite med smånagere.

### 2000

God produksjon fjellrype. Liten oppgang lirype og store fine kull enkelte plassar. Lite med smånagere.

### 2001

Bra produksjon fjellrype. Liten oppgang lirype, bra med fugl enkelte plassar.

Lite med smånagere.

#### 2002

Bra produksjon både fjellrype og lirype. Varm vår og sommar. Så bra med fugl har det ikkje vore registrert sidan eit par år på 1980-talet. Oppgang smånagerbestand.

#### 2003

Bra produksjon både fjellrype og lirype. Oppgang smånagerbestand.

#### 2004

Bra med både fjellrype og lirype. Produksjon hadde truleg vorte svært bra dersom juni ikkje hadde vore så kald og nedbørsrik. Bra med smånagere.

#### 2005

Bra med fjellrype. Middels med lirype, i enkelte område lite, i andre område mange og fine kull. Kald juni og mykje nedbør. Bra med smånagere.

#### 2006

Middels med både fjellrype og lirype. I enkelte område lite med lirype, i andre område mange og fine kull. Smånagerbestand ikkje kommentert.

#### 2007

Middels med både fjellrype og lirype. Bra med smånagere, «invasjon» av lemen frå sørvest utover hausten, nådde fram til Veolie.

#### 2008

Under middels med både fjellrype og lirype. Smånagerbestand ikkje kommentert.

#### 2009

Dårleg produksjon både fjellrype og lirype. Smånagerbestand ikkje kommentert.

#### 2010

Under middels med både fjellrype og lirype, betre enn i 2009. Bra med smånagere, bra med lemen seint på hausten inst i Sjodalen.

#### 2011

Under middels både fjellrype og lirype, lokale variasjonar. Bra med lemen inst i Sjodalen utpå våren, «kræsje» i bestanden fyrst på sommaren.

## 2012

Under middels med både fjellrype og lirype. Smågnagerbestand ikkje kommentert. Fyrste året med dagskvote.

## 2013

Litt under middels både fjellrype og lirype, tok seg opp att litt i forhold til siste åra. Bra med smågnagere. Lemenbestand tok seg skikkeleg opp, særleg i indre delar av Sjudalen, på baa sider av dalen.

## 2014

Under middels med både fjellrype og lirype. Bra med lemen inst i Sjudalen på våren, «kræsje» tidleg på sommaren.

## 2015

Under middels med både fjellrype og lirype. Svært lite med smågnagere.

## 2016

Under middels med både fjellrype og lirype. Svært lite med smågnagere.

## 2017

Middels med både fjellrype og lirype. Smågnagerbestand på tur opp att, særleg i Sjudalsområdet, var også lemen opp mot Valdresflye.

## 2018

Middels med fjellrype. Bra oppgang lirype, observert store kull i enkelte område. Oppgang smågnagarbestand.

## 2019

Middels med både fjellrype og lirype. Liten smågnagarbestand.

## 2020

Middels med både fjellrype og lirype, lokale variasjonar. I enkelte område god produksjon lirype. Oppgang smågnagarbestand, ein del lemen inst i Sjudalen (Leirungsdalen) på hausten.

## 2021

Liten bestand både fjellrype og lirype. Dårlig produksjon var overaskande fordi det var bra med stamfugl om vinteren og vær-/føreforholda om sommaren var vurdert som ideelle. Liten smågnagarbestand. Rypa freda frå 30. september.

## 2022

Generelt liten bestand både fjellrype og lirype, men lokale variasjonar med kull lirype. Liten smågnagarbestand. Rypa freda frå 30. september.